

Representanten Mark Taylor (MDG) har stilt slikt spørsmål:

Samarbeidsplattforma til posisjonen seier:

Vestland vil vege naturmangfald og miljøvern høgt i saker om vasskraftutbygging. Me vil gjere ei vurdering av dei samla miljøkonsekvensane utover det enkelte prosjekt. Me vil ikkje tillate utbygging av kraftverk, herunder småkraftverk, i verna vassdrag. Eit unntak kan t.d. vere prosjekt som har flaumsikring som hovudargument, eller der utbygginga direkte erstattar bruk av fossile energikjelder.

Hittil har berre ei sak om vasskraftutbygging kome til politisk handsaming:

Hovudutval for næring PS 6/2019 Svoldal kraftverk - høyringsuttale

Delegeringsreglementet seier:

Lov om vassdragsreguleringer av 14. 12. 1917 nr. 17

§ 12. Hovudutval for næring har mynde til å gje uttale i saker om vassdragsregulering, under dette også konsesjonssøknader.

Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) av 29.06.1990 nr. 50.

§ 2-1 Fylkesutvalet har mynde til å gje uttale til meldingar med konsekvensutgreiingsprogram og konsesjonssøknader.

Fylkeskommunedirektøren har delegert mynde til å gje uttale i enkle og uproblematiske saker.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å til å trekkje seg frå inngått avtale.

Spørsmål:

Kvifor kjem så få saker om vassdragsregulering og konsesjonssøknader til politisk handsaming?

Kor mange «enkle og uproblematiske» saker har fylkesdirektøren gitt uttaler i?

Var naturmangfald og miljøvern vege høgt i uttalene til sakene handsama administrativt?

Var det gjort ei vurdering av dei samla miljøkonsekvensane utover det enkelte prosjekt i uttalene?

Var det gitt positive uttaler til utbygging i verna vassdrag?

Utviklingsplanen seier om *Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (Sogn og Fjordane 2012)* og *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 (Justert 2013 etter handsaming i Miljøverndepartementet)* at «Retningslinene i planane fungerer godt som grunnlag for vurdering av konsesjonssaker. Planane vert difor vidareførte i denne perioden for å oppretthalde retningslinene, men ein må vurdere desse på nytt i arbeidet med Regional plan for fornybar energi. Det kan vere behov for ei avgrensa oppdatering av kunnskapsgrunnlaget.»

Spørsmål:

Utviklingsplanen seier på side 38 at *Regional plan for fornybar energi* skal ha oppstart i 2021. Når kjem saka om oppstart av *Regional plan for fornybar energi* til politisk handsaming?

Svar frå avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling:

Spørsmål 1:

Kvifor kjem så få saker om vassdragsregulering og konsesjonssøknader til politisk handsaming?

Svar:

Det har kome færre nye vasskraftsaker til Vestland fylke for uttale siste to åra enn det har vore tidlegare. Det var mange saker fremma for nokre år sidan for å rekke fristen for å få elsertifikat, der siste frist for idriftsetting av anlegg som kan delta i ordninga med elsertifikater er 31.12.2021. I 2021 har NVE fokusert mykje på revisjonar av vilkår på eldre konsesjonar. To slike saker har vore

til handsaming hjå FUV tidlegare i år og det er planen at tre slike saker skal handsamast i FUV, som er vedtaksmynde i desse sakene, i november. Grunnen til at dei berre er meldt opp i FUV er at høyringsfristen frå NVE ikkje har tillate handsaming i begge utvala.

Spørsmål 2:

Kor mange «enkle og uproblematiske» saker har fylkesdirektøren gitt uttaler i?

Svar:

Dei sakene knytt til vasskraft det er absolutt flest av er detaljplanar, og endring av desse, der NVE ber fylkeskommunen uttala seg fagleg til planen. Desse har me hatt nokre av i år. Typisk ber NVE fylkeskommunen uttala seg med omsyn til kulturminne i tilknytning til planområdet som ikkje er avklart i konsesjonsprosessen, og vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk, kreps og haustbare artar av innlandsfisk som ikkje er trua. Det er ikkje handsama nye vasskraftkonsesjonar i år. Viss planen er innom andre tema fylkeskommunen har kunnskap om kan vi uttala oss til dette òg. Sjølv om ikkje NVE ber spesifikt om dette.

Spørsmål 3:

Var naturmangfald og miljøvern vege høgt i uttalene til sakene handsama administrativt?

Svar:

Desse tema skal avklarast så langt det er mogeleg i konsesjonen. Vi ynskjer at alle konsesjonar, så langt det let seg gjere, skal handsamast politisk. På detaljplanane innom gjeve konsesjon uttalar vi oss hovudsakleg på våre ansvarsområde, men kan støtte Statsforvaltaren i sine faglege utgreiingar om naturmangfaldet i planområdet.

Spørsmål 4:

Var det gjort ei vurdering av dei samla miljøkonsekvensane utover det enkelte prosjekt i uttalene?

Svar:

Det er vanskeleg å vurdere ved nye saker i dag fordi det i kvar enkelt sak ikkje er krav om å gjere utgreiingar utover arealet i konsesjonen. Nokre år har NVE sendt ut mange søknadar i eit område med felles høyringsfrist og felles handsaming. På grunn av få søknadar så langt i år har ikkje dette skjedd i år. Det er heller ikkje noko god oversikt over miljøstatusar og ulike innverknadar på desse frå etablert og planlagt vasskraft.

Spørsmål 5:

Var det gitt positive uttaler til utbygging i verna vassdrag?

Svar:

Nei.

Spørsmål 6:

Utviklingsplanen seier på side 38 at Regional plan for fornybar energi skal ha oppstart i 2021. Når kjem saka om oppstart av Regional plan for fornybar energi til politisk handsaming?

Svar:

Det skal engasjerast ei stilling for å laga denne planen. Rekrutteringsfasen er godt i gang. Noko utgreiingsarbeid er alt i gang i samband med prosjektet « Grøn region Vestland». Arbeidet med planprogrammet startar opp i år. Utkast til Planprogram kan ventast til politisk handsaming fyrste del av 2022.